

SMART > Velferdsteknologi

Velferdsteknologi kan hjelpe eldre med kognitiv svikt til å klare seg betre i eigen bustad. Filmen viser korleis livet til eldre kan arte seg med teknologiske løysingar som fallalarm, GPS-sporing og informasjons skjermar i bustaden. Han tek opp både etiske og teknologiske utfordringar. I filmen intervjuar vi tilsette i Bærum kommune som prøver ut denne teknologien, utstyrsleverandøren Abilia og SINTEF, som driv følgjeforsking knytt til korleis teknologien fungerer for dei eldre.

Oppgåver før du ser filmen

1. Kva vil det seie å ha kognitiv svikt? Bruk gjerne Internett til å finne ei forklaring.
2. På kva måtar trur du teknologi kan hjelpe eldre med kognitiv svikt til å klare seg betre i eigen bustad?

Oppgåver til filmen

1. Forklar kva ein meiner med velferdsteknologi.
2. Lag ei oversikt over utfordringar i eldreomsorga og teknologiske løysingar ved å fylle ut tabellen under. Ta med utfordringar som kognitiv svikt, fall, einsemd og oppsporing av eldre.

Utfordringar i eldreomsorga	Teknologiske løysingar	Beskriving av korleis teknologien fungerer

3. Kva vanskar kan eldre med kognitiv svikt oppleve når dei skal ta i bruk velferdsteknologi?

4. SINTEF, Bærum kommune og Abilia har samarbeidd om utprøving av velferdsteknologi. Kva trur du dei ulike partane har ytt til prosjektet?
5. Kva synspunkt har Datatilsynet når det gjeld sporingsteknologi?
6. Fleire kommunar har sett i gang mindre prosjekt med utprøving av velferdsteknologi i bustader for eldre med kognitiv svikt.
 - a. Kva trur du skal til for at velferdsteknologi skal bli meir utbreidd?
 - b. Kva etiske utfordringar ser du når det gjeld bruk av velferdsteknologi overfor eldre med kognitiv svikt?
 - c. Korleis trur du desse utfordringane kan løysast?
7. Kva verdi kan bruk av velferdsteknologi ha for samfunnsutviklinga når det gjeld yrke, næringsliv og eldre?

Fordjupingsoppgåver

1. I framtida vil truleg sjukepleiarar ha behov for andre kunnskapar enn i dag. Skriv ned nokre nye kunnskapar som du trur blir viktige å ha for ein sjukepleiar i 2030.
2. Nis Peter Nissen, som er direktør for Alzheimerforeningen i Danmark, har sagt: «Velferdsteknologi handlar ikkje om teknologi, men om menneske.» Skriv ein kort artikkel med utgangspunkt i dette sitatet.
3. Fleire politikarar har engasjert seg i bruken av velferdsteknologi.
 - a. Bruk Internett og finn ut kva slags syn ulike politiske parti har når det gjeld bruk av velferdsteknologi.
 - b. Kva trur du politiske avgjerder har å seie for innføring av velferdsteknologi?